



Røysting på valdagen

Du kan røyste ved to ulike val:

- Val av sokneråd
- Val av leke medlemmer til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet

- Du kan røyste i vallokalet i valkrinsen din (oppgjeven på valkortet) eller i ein annan valkrins i soknet der du har røysterett.
- Tid og stad for valet er oppgjeve på valkortet og kunngjort på førehand.
- Ta med valkort eller annan legitimasjon.
- Sjølv om du ikkje står i manntalet, har du krav på å få røyste. Du bør då grunngje kvifor du meiner du har røysterett i soknet. Grunngjevinga bør skrivast ned. Soknerådet avgjer i slike tilfelle om røysta er gyldig og skal teljast med.
- Kandidatlistene og informasjon om kandidatane vil vere offentleggjorde i god tid før valet og vere tilgjengelege i vallokalet.
- Treng du rettleiing eller hjelp i vallokalet, kan du vende deg til ein av valfunksjonærane.
- Dersom du på grunn av nedsett funksjonsevne (t.d. synshemming) treng assistanse for å røyste, kan du sjølv velje ein person over 14 år til å assistere deg ved røystinga.
- Ein veljar som har førehandsrøysta, kan ikkje røyste på nytt på valdagen.